



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 16.12.2019
Møtestad: Heradsstyresalen, Dale
Møtetid: 10:00 - 15:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Trygve Jakobsen	FRP	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Edvin Hesjedal	H	Medlem
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Renathe Vik	SP	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Mona Grenasberg	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Kim André Hop Gregersen	H	Varamedlem
Bjart-Magnus Ndogo Rosvold	KRF	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Kim André Hop Gregersen
Arne Normann	KRF	Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Andre møtande:

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad, rådmann Atle Fasteland, kommunalsjef samfunnsutvikling Helge Berset, økonomisjef Kenneth Stokke, politisk sekretær Lin Tove Thomassen, kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum, assisterande rådmann Åse Elin Myking



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
80/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
81/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
82/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
82/2019.1	Søknad om tilskot til ekstraordinært planarbeid knytt til statleg plan for nye trasèar for E16 og jernbane Arna-Stanghelle
82/2019.2	Spørsmål til ordførar - skatteinnkrevjing
82/2019.3	Tilsynsrapportar - Arbeidstilsynet
82/2019.4	Spørsmål til ordførar - stønad ved kremasjon
82/2019.5	Spørsmål til ordførar - lukka møter og lovheimel
82/2019.6	Fråsegn om budsjettframlegget 2020 frå Brukarutvalet
82/2019.7	Stamnes Motorverkstad - til orientering
82/2019.8	Møteplan 2020
83/2019	SYNGJANDE KOMMUNESTYRE
84/2019	VAL AV KANDIDATAR TIL ULIKE VERV FOR PERIODEN 2019 - 2023
85/2019	BYGG HELSE OG OMSORG - VURDERING AV ALTERNATIV PÅ VAKSDAL
86/2019	FORVALTNINGSREVISJON - TILHØVA FOR TILSETTE SOM UTFØRER ARBEID PÅ NYE DALE BARNE- OG UNGDOMSSKULE
87/2019	HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2019:16 SKATTLEGGING AV VASSKRAFTVERK
88/2019	INNSPEL TIL KS DEBATTHEFTE 2020 - ORIENTERINGSSAK
89/2019	OVERFØRING AV DELTAKARFORHOLD I VEST BRANN- OG REDNINGSREGION VED KOMMUNESAMANSLÅINGAR
97/2019	OVERFØRING AV DELTAKARTILHØVA I INTERKOMMUNALT UTVAL MOT AKUTT FORUREINING (IUA BERGEN REGION) VED KOMMUNESAMANSLÅING
90/2019	DIHVA - ENDRING FRÅ IKS TIL AS - VAKSDAL KOMMUNE SOM MEDEIGAR I VANNVEST AS
91/2019	INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - DELTAKING I FORSØK MED STATLEG FINANSIERING AV OMSORGSTENESTENE (SIO)
92/2019	TERTIALRAPPORTERING 2 - 2019
93/2019	JUSTERING VED ÅRSAVSLUTNING 2019
94/2019	RENOVASJONGSGBYR 2020
95/2019	BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF



96/2019 BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNE

80/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak

KOM - sak 80/2019 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

81/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak

KOM - sak 81/2019 Vedtak/Tilråding:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

82/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Spørsmål til ordfører

Referatsak 82/2018.2 - Skatteinnkrevjing

Thor Andersen (AP) stilte spørsmål knytt til sentralisering av skatteinnkrevjinga.

Skriftleg svar frå ordfører:

"Eg har skrive under på oppropet som eg fekk kjennskap til via Lokalsamfunnsforeningen. I spørsmålet ditt, som i oppropet, kjem det fram mange gode grunnar for å skrive under. Det som er avgjerande for meg er dei lokale stillingane som vert borte over heile landet, lokalkunnskapen og ikkje minst dei økonomiske konsekvensane av eventuelt lågare skatteinntekter, noko som vil vera kritisk for kommunane."

Referatsak 82/2018.5 - Lukka møter og lovheimel

Anne-Christin Eide stilte spørsmål knytt til uttale frå varaordfører om "hemmelege tenester" i Vaksdal kommune.

Skriftleg svar frå ordfører:

"Varaordfører Kjartan Haugsnes refererte i sine uttalelsar til det han meiner har vore praksis når det gjeld saker som hastar litt eller kan vera sensitive. Då kan ordfører eller rådmann ha sagt at det skal orienterast om noko i lukka møte, utan at dette har stått på ei sakliste og blitt protokollført. Det har vore ein slags uformell kontakt i formannskapet for å klarere ulike ting. Dette er ein praksis som har vore i kommunen vår uavhengig av kven som har vore rådmann og ordfører. For framtida vil me at slike saker skal heimlast, samt at det finns ein protokoll unntatt offentlegheit som dei folkevalde har innsyn i dersom ein har behov for å gå tilbake i ettertid. Om det er praktisk mogeleg skal sakene også på sakskartet.

Å nemna eksempel er vanskeleg med tanke på at sakene ikkje kan refererast til. Men eit eksempel er i Formannskapet 23.10.19. Ei sak for lukka dører stod ikkje på sakskartet, og ein refererte munnleg kvifor møtet vart lukka. Det vart heller ikkje ført protokoll unntatt offentlegheit. Rådmannen skulle ha sendt ut varsel om sak unntatt offentlegheit. Her skulle det og vore med lovgrunnlag (paragraf). Så blei denne gongen diverre ikkje gjort og det orsakar alle partar. Både rådmann og politikarar frå posisjon og opposisjon som var på møtet.

Me vil vera ein meiropen kommune, og då må me arbeida med slike tema for å få det til. Framover vil me difor ha fokus på korleis me handsamar denne type saker."

Referatsak 82/2018.4 - Kremasjon

Heidi Rongved (AP) stilte spørsmål vedkomande kommunal stønad ved kremasjon.

I samband med budsjettet for 2019 blei det løyvd 0,1 mill. til kommunal stønad ved kremasjon.

1. Var denne summen tilstrekkeleg?



Svar: I 2019 er det utbetalt 5 stønader og det er venta at det vil komme 3 til, dvs. totalt 8 stønader. Det vil seie 40 000,-. Beløpet blir utbetalt frå Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd som igjen fakturerer Vaksdal Kommune. Det er ikkje automatikk i at resterande beløp blir overført til neste år men restsum kan evt. setjast av til dette føremålet dersom kommunen gjer opp rekneskapen for 2019 med eit mindreforbruk. Dette kan gjerast når rekneskapen vert lagt fram til våren.

1. Er dette ein stønad pårørande må krevja, eller er det automatikk i at dei som har krav på det får det.

Svar: Alle vert informert om stønadsordninga. Dette vert i all hovudsak gjort av gravferdsbyråa. Etterlate får stønaden ved å levere inn kvittering for betalt beløp + opplysningar for utbetaling (Namn, kontonr. etc.).

Heidi Rongved (AP) ba rådmannen om å vurdere å gjere prosess for utbetaling enklare. Rådmannen vil følgje det opp og gje ei tilbakemelding innan 1. mars.

Samrøystes vedtak

KOM - sak 82/2019 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vart tatt til orientering.

83/2019: SYNGJANDE KOMMUNESTYRE

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret startar frå 01.01.20 møta sine med allsong. Ordførar har ansvar for den praktiske gjennomføringa av dette.

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Renathe Vik (SP) oppmodar kommunestyret om å støtta opp om forslaget. Vaksdal kommune er ein syngjande kommune og det er ingen grunn for kommunestyret å halda seg utanfor.

Det vart røysta over forslaget som vart godkjend med 20 stemmer for og 1 stemme mot (Edvin Hesjedal, H).

KOM - sak 83/2019 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret startar frå 01.01.20 møta sine med allsong. Ordførar har ansvar for den praktiske gjennomføringa av dette.



84/2019: VAL AV KANDIDATAR TIL ULIKE VERV FOR PERIODEN 2019 - 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valutval 03.12.2019

Behandling:

Eldreråd

Valutvalet innstiller Gudrun Boge Karlsen (Vaksdal pensjonistforeining) som varamedlem til Eldrerådet

Ungdomsråd

Medlemmer i ungdomsrådet er valt etter ungdomsval og skal formelt vedtakast av kommunestyret. Det er valt 7 medlemmer og 1 varamedlem som skal sitje i eit eller to år.

Heimevernsnemnd

Val av medlemmer og varamedlemmer til Heimevernsnemnda vert utsett. Valutvalet ber rådmannen om å følgje opp og gjere avklaringar knytt til val av medlemmer innan juni 2020.

Bergsdalen jordbruksfond

Valutvalet ber om at val av medlemmer til Bergsdalen jordbruksfond vert utsett. Valutvalet ønskjer at rådmannen kjem tilbake til kommunestyret med ei sak som omhandlar Bergsdalen jordbruksfond. Rådmannen må kartlegge og gjere vurderingar for kva som skal leggjast til grunn for ei avvikling av Bergsdalen jordbruksfond. Det må også leggast fram ei tilråding for korleis midlane knytt til fondet kan nyttast på ein slik måte at dette kjem innbyggjarane i Bergsdalen til gode. Dette må gjerast i dialog med Bergsdalen jordbrukslag og grunneigarar i Bergsdalen. Valutvalet ønskjer også at midlar knytt til Konowfondet vert sett på samtidig

BIR Klagenemnd

Lisa Johnsen Lunde (AP) er innstilt som vara i BKK klagenemnd. Dersom ho takkar nei, vil Evelyn Boge (SV) få ein førespurnad.

IKTNH

Varaordførar vert innstilt som varamedlem i IKTNH

Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt

Monica Meland Sigurdson erstattar Amalie Johnsen Lunde som medlem i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt.

Leiar: Monica Meland Sigurdson

Valutvalet ber om at skjema for utval, nemnder og råd vert oppdatert med ny informasjon.

VALU - sak 11/2019 Vedtak/Tilråding:

Eldreråd

Valutvalet innstiller Gudrun Boge Karlsen (Vaksdal pensjonistforeining) som varamedlem til Eldrerådet.



Valutvalet innstiller følgjande medlemmer til ungdomsrådet:

Ungdomsrådet	
<u>Medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer</u>
May Kristin Løtvedt Larsen (2 år)	1. Ida Louise Middleton (1 år)
Emma Bolstad (1 år)	
Nathalia Angelica Mo Lilletvedt (1 år)	
Vegard Gullbrå Tollefsen (2 år)	
Regine Kydland (1 år)	
Ingeborg Straume Audestad (1 år)	
Ina Pettersen (2 år)	

Heimevernsnemnd

Val av medlemmer og varamedlemmer til Heimevernsnemnda vert utsett. Rådmannen må gjere avklaringar knytt til val av medlemmer innan juni 2020.

Bergsdalen jordbruksfond

Val av medlemmer til Bergsdalen jordbruksfond vert utsett.

Kommunestyret ber rådmannen om å gjere vurderingar for kva som skal leggjast til grunn for ei avviking av Bergsdalen jordbruksfond og leggje dette fram for kommunestyret. Det må også koma fram ei tilråding for korleis midlane knytt til fondet kan nyttast på ein slik måte at dette kjem innbyggjarane i Bergsdalen til gode. Dette må gjerast i dialog med Bergsdalen jordbrukslag og grunneigarar i Bergsdalen.

Valutvalet ønskjer også at midlar knytt til Konowfondet vert sett på samtidig.

BIR Klagenemnd

Lisa Johnsen Lunde (AP) er innstilt som vara i BKK klagenemnd.

IKTNH

Varaordførar vert innstilt som varamedlem i IKTNH

Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt

Monica Meland Sigurdson (H) erstattar Amalie Johnsen Lunde (H) som medlem i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt.

Leiar: Monica Meland Sigurdson

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Leiar for valutvalt Kjartan Haugsnes (SV) la fram valutvalet si innstilling.

Trond Olav Magnussen (H) la fram eit endringsforslag:

"Høgre ønsker å fremme følgjande endringsforslag til Leiar sakkunnig nemd for eigedomsskatt til Bjørn Roald (H)"



Det vart røysta over valutvalet si innstilling. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over Høgre sitt framlegg, som vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 84/2019 Vedtak/Tilråding:

Eldreråd

Gudrun Boge Karlsen (Vaksdal pensjonistforeining) vert valt som varamedlem til Eldrerådet.

Medlemmer i ungdomsrådet:

Ungdomsrådet	
<u>Medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer</u>
May Kristin Løtvedt Larsen (2 år)	1. Ida Louise Middleton (1 år)
Emma Bolstad (1 år)	
Nathalia Angelica Mo Lilletvedt (1 år)	
Vegard Gullbrå Tollefsen (2 år)	
Regine Kydland (1 år)	
Ingeborg Straume Audestad (1 år)	
Ina Pettersen (2 år)	

Heimevernsnemnd

Val av medlemmer og varamedlemmer til Heimevernsnemnda vert utsett. Rådmannen må gjere avklaringar knytt til val av medlemmer innan juni 2020.

Bergsdalen jordbruksfond

Val av medlemmer til Bergsdalen jordbruksfond vert utsett.

Kommunestyret ber rådmannen om å gjere vurderingar for kva som skal leggjast til grunn for ei avvikling av Bergsdalen jordbruksfond og leggje dette fram for kommunestyret. Det må også koma fram ei tilråding for korleis midlane knytt til fondet kan nyttast på ein slik måte at dette kjem innbyggjarane i Bergsdalen til gode. Dette må gjerast i dialog med Bergsdalen jordbrukslag og grunneigarar i Bergsdalen.

Valutvalet ønskjer også at midlar knytt til Konowfondet vert sett på samtidig.

BIR Klagenemnd

Lisa Johnsen Lunde (AP) er innstilt som vara i BIR klagenemnd.

IKTNH

Varaordfører vert innstilt som varamedlem i IKTNH

Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt

Børn Roald(H) erstattar Amalie Johnsen Lunde (H) som medlem i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt.

Leiar: Bjørn Roald



85/2019: BYGG HELSE OG OMSORG - VURDERING AV ALTERNATIV PÅ VAKSDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmann gå vidare med nybygg til omsorgsbustader og omsorg+-plassar på Jamne framfor rehabilitering/ombygging av aldersbustadane til formålet.

Kommunestyret ber rådmann arbeide fram søknad om tilskot frå Husbanken i 2020.
Sak om kostnadsramme og framdriftsplan vert å legge fram tidleg i 2020.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2019

Behandling:

Arkitekt Aud Gilberg frå Norconsult orienterte om "Bygg for helse og omsorg, vurdering av alternativ på Vaksdal".

Heidi Rongved (AP) ber om at det vert teke omsyn til korleis eldrestova vert brukt i dag og at bruken vert ivareteke i framtida.

Kjartan Haugsnes (SV) la fram tilleggsforslag nr. 1:

"Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med prosjektet med grunnlag i vedtak 37/2019, men kommunestyret gjev og administrasjonen moglegheit til å foreslå anna fordeling av plassar/type plassar som omtala i 37/19"

Amalie Johnsen Lunde (H) la fram tilleggsforslag:

"Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med prosjektet med grunnlag i vedtak 37/2019, men kommunestyret gjev og administrasjonen moglegheit til å foreslå anna antall og fordeling av plassar/type plassar som omtala i 37/19 for å kunne utnytta areal og moglegheiter som foreligg med nybygg."

Kjartan Haugsnes la fram tilleggsforslag nr. 2, ei presisering til tilleggsforslag nr. 1.

"Presiserer at tilleggsforslag 1 gjeld vedtak 37/19 pkt. 2 då dette er saka i dag."

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke. Tilleggsforslaga frå Kjartan Haugsnes (SV) vart sett opp mot tilleggsforslaget frå Amalie Johnsen Lunde (H).

Kjartan Haugsnes sitt forslag fekk 4 stemmer (SV, SP og AP)

Amalie Johnsen Lunde sitt forslag fekk 3 stemmer (H og FRP) og falt.

FPØ - sak 80/2019 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret ber rådmann gå vidare med nybygg til omsorgsbustader og omsorg+-plassar på Jamne framfor rehabilitering/ombygging av aldersbustadane til formålet.

Kommunestyret ber rådmann arbeide fram søknad om tilskot frå Husbanken i 2020.

Sak om kostnadsramme og framdriftsplan vert å legge fram tidleg i 2020.

Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med prosjektet med grunnlag i vedtak 37/2019, men kommunestyret gjev og administrasjonen moglegheit til å foreslå anna fordeling av plassar/type plassar som omtala i 37/19, punkt 2.

Kommunestyret 16.12.2019



Behandling:

Boris Groth (FRP) ba om at tilleggsforslaget frå Amalie Johnsen Lunde (H) fremja i formannskapet vart lagt fram på nytt:

"Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med prosjektet med grunnlag i vedtak 37/2019, men kommunestyret gjev og administrasjonen moglegheit til å foreslå anna antall og fordeling av plassar/type plassar som omtala i 37/19 for å kunne utnytta areal og moglegheiter som foreligg med nybygg."

Det vart først røysta over Formannskapet si tilråding, som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over tilleggsforslaget fremja på nytt av Boris Groth, som fekk 6 stemmer (H,FRP) mot 15 stemmer og falt.

KOM - sak 85/2019 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret ber rådmann gå vidare med nybygg til omsorgsbustader og omsorg+-plassar på Jamne framfor rehabilitering/ombygging av aldersbustadane til formålet.

Kommunestyret ber rådmann arbeide fram søknad om tilskot frå Husbanken i 2020.

Sak om kostnadsramme og framdriftsplan vert å legge fram tidleg i 2020.

Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med prosjektet med grunnlag i vedtak 37/2019, men kommunestyret gjev og administrasjonen moglegheit til å foreslå anna fordeling av plassar/type plassar som omtala i 37/19, punkt 2.

86/2019: FORVALTNINGSREVISJON - TILHØVA FOR TILSETTE SOM UTFØRER ARBEID PÅ NYE DALE BARNE- OG UNGDOMSSKULE

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar
 - a. Etablerer rutinar for kontraktsoppfølging
 - b. Gjennomfører tilstrekkeleg kontrollar av krava til løns- og arbeidsvilkår hos leverandørar og underleverandørar
 - c. Sikrar at kommunestyrevedtak blir følgd opp
1. Kommunestyret ber om at rådmannen føl opp tilrådingane og innarbeider desse i dei prosjektverktøy som kommunen er i ferd med å utarbeide.
2. Innan 01.02.2020 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis tilrådingane i rapporten er og vert følgd opp



Behandling:

Det vart røysta over kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak for kommunestyret, som vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 86/2019 Vedtak/Tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar
 - a. Etablerer rutinar for kontraktsoppfølging
 - b. Gjennomfører tilstrekkeleg kontrollar av krava til løns- og arbeidsvilkår hos leverandørar og underleverandørar
 - c. Sikrar at kommunestyrevedtak blir følgd opp
1. Kommunestyret ber om at rådmannen føl opp tilrådingane og innarbeider desse i dei prosjektverktøy som kommunen er i ferd med å utarbeide.
2. Innan 01.02.2020 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis tilrådingane i rapporten er og vert følgd opp

87/2019: HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2019:16 SKATTEGGING AV VASSKRAFTVERK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttale frå Vaksdal kommune

Kommunane sine inntekter frå konsesjonsavgifter og konsesjonskraft er nedfelt i dei gitte konsesjonar som eit grunnvilkår og med same varigheit som konsesjonen. Utvalet sitt forslag om å avvikle ordningane vil vera eit brot på dei føresetnadane som låg til grunn for dei gitte konsesjonar, og dermed eit brot på den samfunnskontrakt som over generasjonar er inngått mellom storsamfunn og dei distrikt som har avstått sine naturressursar. Ei slik avvikling vil også vera i strid med Grunnlovens forbod mot å gje lovar tilbakeverkande kraft.

Konsesjonskraftordninga har i meir enn hundre år vore eit vederlag for dei naturrikdomar som vertskommunar gjennom vasskrafta årleg har avgitt til storsamfunnet. Utvalet overser at så vel Storting som Høgsterett har slått fast at formålet med konsesjonskraftordninga er å sikre vertskommunen sin del av verdiskapinga som vasskraftproduksjonen i konsesjonsperioden gir opphav til.

Konsesjonsavgifta er ei erstatning for generelle skadar og ulemper på naturmiljø og omgjevnadar, og derfor ei miljøavgift. Miljøkostnader skal betalast av tiltakshavar, og miljøavgifter er meint å vera ein brutto skatt i tråd med naturmangfaldlova § 11.

Forslaget frå utvalet om at eigedomsskatten skal baserast på skattemessig verdi er i strid med eigedomsskatteleva sin hovudregel i § 8 A-2 om at eigedomsskatten skal svare til anlegget sin omsetningsverdi (marknadsverdi). Eigedomsskatt basert på skattemessig verdi vil innebære at



eigedomsskatten vert størst i dei første åra etter at investeringane er gjennomført, medan skatten vert lågare når lønsemda aukar. Forslaget vil derfor verken utløyse ønska investeringar eller samsvare med skattytars skatteevne.

Ein kompensasjon av konsesjonskraftordninga med auka naturressursskatt basert på ein omrekna øre/kWh vil ikkje sikre kommunane ein del av den reelle verdiskapinga sidan vertskommunen blir avskore frå å få sin del av den verdiskaping som følgjer av at verdien av rein fornybar energi vil kunne auke i framtida.

Kommunane sin rett til konsesjonsavgifter og konsesjonskraft samt eigedomsskatt basert på anlegga sin reelle marknadsverdi kan ikkje erstattast av statlege overføringar eller ein auke i naturressursskatten. Auka naturressursskatt vil verte fordelt på alle kommunar etter det statlege inntektssystemet og først og fremst koma folkerike kommunar utan vasskraftanlegg til gode. Sjølv om naturressursskatten vert tatt ut av inntektssystemet kan ein kompensasjon i form av auka naturressursskatt ikkje akseptrast ettersom vertskommunane ikkje vil få kompensert sin andel av verdistinga ved høgare kraftpris.

Vaksdal kommune har avgitt store naturrikdomar til storsamfunnet gjennom omfattande utbygging av kraftanlegg og årleg produksjon av verdifull fornybar energi. Samla tap av kompensasjon for naturinngrepa samt vår del av verdiskapinga og eigedomsskatt er berekna til omlag 35 mill årleg med kraftskatteutvalet sitt forslag.

Naturressursane har gjennom mange år bidratt til verdiskaping og utvikling av Vaksdalsamfunnet og har lagt grunnlaget for næringsutvikling, arbeidsplassar, kommunale tenester og lokalsamfunn. Eit slikt årleg inntektstap vil gje store konsekvensar for kommunen sine tenester og vidare samfunnsutvikling. Vaksdal kommune meiner slike endringar vil bryte med grunnleggjande prinsipp og rettar for vertskommunar for vasskraftutbygging og kraftproduksjon. Kommunen ser ikkje at kompensasjonsordningar vil kunne sikre vertskommunane tilsvarande kompensasjon og del av verdiskapinga i framtida.

Vaksdal kommune støttar i tillegg [LVK sin høyringsuttale](#) til forslaget utvalet.

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak

KOM - sak 87/2019 Vedtak/Tilråding:

Høyringsuttale frå Vaksdal kommune

Kommunane sine inntekter frå konsesjonsavgifter og konsesjonskraft er nedfelt i dei gitte konsesjonar som eit grunnvilkår og med same varigheit som konsesjonen. Utvalet sitt forslag om å avvike ordningane vil vera eit brot på dei føresetnadane som låg til grunn for dei gitte konsesjonar, og dermed eit brot på den samfunnskontrakt som over generasjonar er inngått mellom storsamfunn og dei distrikt som har avstått sine naturressursar. Ei slik avviking vil også vera i strid med Grunnlovens forbod mot å gje lovar tilbakeverkande kraft.



Konsesjonskraftordninga har i meir enn hundre år vore eit vederlag for dei naturrikdomar som vertskommunar gjennom vasskrafta årleg har avgitt til storsamfunnet. Utvalet overser at så vel Storting som Høgsterett har slått fast at formålet med konsesjonskraftordninga er å sikre vertskommunen sin del av verdiskapinga som vasskraftproduksjonen i konsesjonsperioden gir opphav til.

Konsesjonsavgifta er ei erstatning for generelle skadar og ulemper på naturmiljø og omgjevnadar, og derfor ei miljøavgift. Miljøkostnader skal betalast av tiltakshavar, og miljøavgifter er meint å vera ein brutto skatt i tråd med naturmangfaldlova § 11.

Forslaget frå utvalet om at eigedomsskatten skal baserast på skattemessig verdi er i strid med eigedomsskattelova sin hovudregel i § 8 A-2 om at eigedomsskatten skal svare til anlegget sin omsetningsverdi (marknadsverdi). Eigedomsskatt basert på skattemessig verdi vil innebere at eigedomsskatten vert størst i dei første åra etter at investeringane er gjennomført, medan skatten vert lågare når lønsemda aukar. Forslaget vil derfor verken utløyse ønska investeringar eller samsvare med skattyters skatteevne.

Ein kompensasjon av konsesjonskraftordninga med auka naturressursskatt basert på ein omrekna øre/kWh vil ikkje sikre kommunane ein del av den reelle verdiskapinga sidan vertskommunen blir avskore frå å få sin del av den verdiskaping som følgjer av at verdien av rein fornybar energi vil kunne auke i framtida.

Kommunane sin rett til konsesjonsavgifter og konsesjonskraft samt eigedomsskatt basert på anlegga sin reelle marknadsverdi kan ikkje erstattast av statlege overføringar eller ein auke i naturressursskatten. Auka naturressursskatt vil verte fordelt på alle kommunar etter det statlege inntektssystemet og først og fremst koma folkerike kommunar utan vasskraftanlegg til gode. Sjølv om naturressursskatten vert tatt ut av inntektssystemet kan ein kompensasjon i form av auka naturressursskatt ikkje akseptrast ettersom vertskommunane ikkje vil få kompensert sin andel av verdistinga ved høgare kraftpris.

Vaksdal kommune har avgitt store naturrikdomar til storsamfunnet gjennom omfattande utbygging av kraftanlegg og årleg produksjon av verdifull fornybar energi. Samla tap av kompensasjon for naturinngrepa samt vår del av verdiskapinga og eigedomsskatt er berekna til omlag 35 mill årleg med kraftskatteutvalet sitt forslag.

Naturressursane har gjennom mange år bidratt til verdiskaping og utvikling av Vaksdalsamfunnet og har lagt grunnlaget for næringsutvikling, arbeidsplassar, kommunale tenester og lokalsamfunn. Eit slikt årleg inntektstap vil gje store konsekvensar for kommunen sine tenester og vidare samfunnsutvikling. Vaksdal kommune meiner slike endringar vil bryte med grunnleggande prinsipp og rettar for vertskommunar for vasskraftutbygging og kraftproduksjon. Kommunen ser ikkje at kompensasjonsordningar vil kunne sikre vertskommunane tilsvarende kompensasjon og del av verdiskapinga i framtida.

Vaksdal kommune støttar i tillegg [LVK sin høyringsuttale](#) til forslaget frå utvalet.



88/2019: INNSPEL TIL KS DEBATTHEFTE 2020 - ORIENTERINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak

KOM - sak 88/2019 Vedtak/Tilråding:

Sak om innspel til KS Debattheft 2020 vart tatt til orientering.

89/2019: OVERFØRING AV DELTAKARFORHOLD I VEST BRANN- OG REDNINGSREGION VED KOMMUNESAMANSLÅINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune gir sin tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Odda, Ullensvang og Jondal trer ut av Vest brann – og redningsregion pr. 31.desember 2019 med grunngjeving i kommunesamanslåing. Samtidig gir Vaksdal kommune sin tilslutning til at dei nye kommunane Øygarden, Bjørnafjorden og Ullensvang blir deltakarkommunar i Vest brann- og redningsregion frå 1.januar 2020 og at desse kommunane overtar rettigheter og pliktar frå sine respektive samanslåtte kommunar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2019

Behandling:

Samrøystes vedteke

FPØ - sak 77/2019 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune gir sin tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Odda, Ullensvang og Jondal trer ut av Vest brann – og redningsregion pr. 31.desember 2019 med grunngjeving i kommunesamanslåing. Samtidig gir Vaksdal kommune sin tilslutning til at dei nye kommunane Øygarden, Bjørnafjorden og Ullensvang blir deltakarkommunar i Vest brann- og redningsregion frå 1.januar 2020 og at desse kommunane overtar rettigheter og pliktar frå sine respektive samanslåtte kommunar.

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak

KOM - sak 89/2019 Vedtak/Tilråding:



Vaksdal kommune gir sin tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Odda, Ullensvang og Jondal trer ut av Vest brann – og redningsregion pr. 31. desember 2019 med grunngjeving i kommunesamanslåing.

Samtidig gir Vaksdal kommune sin tilslutning til at dei nye kommunane Øygarden, Bjørnafjorden og Ullensvang blir deltakarkommunar i Vest brann- og redningsregion frå 1. januar 2020 og at desse kommunane overtar rettigheter og pliktar frå sine respektive samanslåtte kommunar.

97/2019: OVERFØRING AV DELTAKARTILHØVA I INTERKOMMUNALT UTVAL MOT AKUTT FORUREINING (IUA BERGEN REGION) VED KOMMUNESAMANSLÅING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune sluttar seg til at kommunane Lindås, Meland, Radøy, Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Granvin og Voss trer ut av IUA Bergen region pr 31. desember 2019 grunna kommunesamanslåing. Samtidig gjev Vaksdal kommune si tilslutning til at dei nye kommunane Alver, Øygarden, Bjørnafjorden og Voss vert deltakarkommunar i IUA Bergen region frå 1. januar 2020 og at desse kommunane overtek rettar og pliktar frå sine respektive samanslåtte kommunar

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak

KOM - sak 97/2019 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune sluttar seg til at kommunane Lindås, Meland, Radøy, Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Granvin og Voss trer ut av IUA Bergen region pr 31. desember 2019 grunna kommunesamanslåing.

Samtidig gjev Vaksdal kommune si tilslutning til at dei nye kommunane Alver, Øygarden, Bjørnafjorden og Voss vert deltakarkommunar i IUA Bergen region frå 1. januar 2020 og at desse kommunane overtek rettar og pliktar frå sine respektive samanslåtte kommunar

90/2019: DIHVA - ENDRING FRÅ IKS TIL AS - VAKSDAL KOMMUNE SOM MEDEIGAR I VANNVEST AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å tre inn i Vannvest samarbeidet ved å verte aksjonær og kjøpe ei aksje i Vannvest AS til pålydande kr 5000,- og å yte eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr



innbyggjar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2019

Behandling:

Samrøystes vedteke

FPØ - sak 76/2019 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet vedtek å tre inn i Vannvest samarbeidet ved å verte aksjonær og kjøpe ei aksje i Vannvest AS til pålydande kr 5000,- og å yte eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr innbyggjar.

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Det vart røysta over Formannskapet si tilråding som vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 90/2019 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret vedtek å tre inn i Vannvest samarbeidet ved å verte aksjonær og kjøpe ei aksje i Vannvest AS til pålydande kr 5000,- og å yte eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr innbyggjar.

**91/2019: INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - DELTAKING I FORSØK MED STATLEG
FINANSIERING AV OMSORGSTENESTENE (SIO)**

Frå Boris Groth ligg det føre slik interpellasjon:

Deltaking i forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene(SIO)

Fremskrittspartiet er opptatt av at eldre og personar med behov for pleie skal få best moglege omsorgstenester i Vaksdal kommune. Alle med omsorgsbehov har krav på gode og verdige tenester, og tenestene skal vere tilgjengeleg når behovet inntreff – og ikkje vere avhengig av kommunens økonomi. I åra som kjem vil det bli fleire personar som får behov for pleie og hjelp, samtidig er det over lang tid synleggjort at det er stort behov for auka ressursar til omsorgstenestene i kommunen. Fremskrittspartiet meiner difor me må prøva ut nye løysingar i Vaksdal kommune, som kan bidra til å utvikla omsorgstenestene våre, og som sikrar at eldre og personar med behov for pleie får gode og trygge tenester.

Fremskrittspartiet ynskjer difor at Vaksdal kommune skal delta i regjeringas forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene. I dette forsøket er det staten som finansierer omsorgstenestene i kommunane, og midlane vert øyremærka. Forsøket omfattar alle omsorgstenester og starta opp i 2016. seks kommunar har så langt delteke i forsøket. Desse kommunane melder om gode erfaringar, og trekk mellom anna fram økt brukarmedverknad, at tilsette har fått økt sin kompetanse og forstår



brukarane sine behov betre, og betre samarbeid internt i kommunen. Kommunane meiner dei også gjennom forsøket kan gi brukarane betre og hyppigare vedtak om tenester.

Forsøket styrkjer ikkje berre omsorgstenestene fagleg i kommunane som deltek. Gjennom dette forsøket vil Vaksdal kommune også få eit inntektspåslag tilsvarande fire prosent av netto driftsutgifter på omsorgsområdet (avgrensa oppover til 28 mill. kroner per år). Desse midlane skal nyttast til å styrka omsorgstenestene. Dette vil gje betre tenester til brukarane i kommunen. Og på denne måten vil forsøket også gje Vaksdal kommune ein auka moglegheit til å prioritera omsorgstenestene, noko alle partia i Vaksdal ga uttrykk for at dei ynskte i valkampen 2019.

FrP i Vaksdal kommune vil med bakgrunn i dette føreslå at fyljande vedtak vert fatta:

1. Vaksdal kommune søker om deltaking i forsøksprosjektet med statleg finansiering av omsorgstenestene innan søknadsfristen 1.februar 2020.

Subsidiært:

2. Rådmann får i oppdrag å utarbeida sak til kommunestyret innan januar 2020, der søknad for Vaksdal Kommune om deltaking i forsøksprosjektet med statleg finansiering av omsorgstenestene vert greidd ut og klargjort for vedtak, innan søknadsfristen 1.februar 2020.

Informasjon om forsøksprosjektet finn ein her:

Videosnutt om ordninga frå Helsedirektoratet:

https://www.youtube.com/watch?v=BZHv2PPnXrw&feature=emb_logo

Helsedirektoratet si informasjonsside om søknadsprosess, kriteria og erfaringar så langt:

<https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/statlig-finansiering-av-omsorgstjenester>

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Boris Groth (FRP) la fram saka for kommunestyret og ba om at det vart røysta over to framlegg til vedtak.

Svar på interpellasjon frå Boris Groth (Frp) vedrørande deltaking i forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene frå ordførar:

"Me har bestilt ein gjennomgang av helse og omsorg i 2020. Denne prosessen vert forankra lokalt, og vil danna grunnlaget for den vidare drifta av omsorgstenester i kommunen vår. Det er viktig at gjennomgangen skjer lokalt. Det er viktig at me har eigarskap til organisering, kvalitet og økonomi lokalt, for det er me som kjenner våre forhold best.

Ved å gje det økonomiske ansvaret frå oss til staten, gir kommunane frå seg ei stor og viktig oppgåve. Budsjettet for helse og omsorg utgjør om lag 1/3 av budsjettet vårt. Dersom me gjev frå oss



det økonomiske ansvaret for helse og omsorg til staten reduserer og sentraliserer me den kommunale drifta og ansvaret vårt dramatisk.

Tanken er kanskje i utgangspunktet god, at når staten deler ut midlar, så vert det likt for alle. På den andre sida veit ein at lokale tilpassingar og lokalkunnskap er viktig i utforminga av gode tenster.

Frp er det einaste partiet sentralt som per i dag arbeider for at omsorgstenestene skal bli statleg finansiert. Det spelar også inn i mi avgjer og gir oss som lokalpolitikarar nokre signal. Skal me gå inn i noko som kan bli ein kortvarig overgang samstundes som me har ein gjennomgang av tenestene våre? Då vert det i så fall ny omstilling etter at prøveperioden er ferdig, og ordninga med statlege direkteoverføringar kanskje ikkje vert vidareført.

Staten betalar vesentleg meir til kommunane gjennom dette forsøket. Er det sannsynleg at dette kan bli vedtatt som ei omorganisering heile landet skal gjera på same vilkår som forsøkskommunane? Få kommunar har gjennomført forsøket så langt, og denne låge oppslutninga gjer at ein ikkje vil kunne gjera seg nytte av erfaringane frå prosjektet på generelt grunnlag. Om staten er villig til å bruke meir pengar på helse og omsorgstenester, kvifor har dei ikkje tillit til at me lokalpolitikarane får dette inn i rammene våre?

Eg meiner me må ha tillit til vår eigen plan og den gjennomgangen som kjem. Me lokalpolitikarar skal saman med administrativ leiing og alle dei tilsette i helse og omsorg tilpasse og ta ansvar for ein god og forsvarleg eldreomsorg i Vaksdal kommune i framtida.

Boris Groth har i sin interpellasjon laga framlegg til vedtak, og det skal me stemme over. Eg har lagt fram mitt syn på saka, og sidan er det opp til kvar og ein av representantane å avgjera for eigen del"

Det vart så opna for debatt.

Det vart først røysta over Boris Groth sitt punkt nr. 1:

"Vaksdal kommune søker om deltaking i forsøksprosjektet med statleg finansiering av omsorgstenestene innan søknadsfristen 1.februar 2020."

Forslaget fekk to stemmer (FRP) og falt.

Det vart deretter røysta over punkt nr. 2:

"Rådmann får i oppdrag å utarbeida sak til kommunestyret innan januar 2020, der søknad for Vaksdal Kommune om deltaking i forsøksprosjektet med statleg finansiering av omsorgstenestene vert greidd ut og klargjort for vedtak, innan søknadsfristen 1.februar 2020."

Forslaget fekk 6 stemmer (FRP og H) og falt.

KOM - sak 91/2019 Vedtak/Tilråding:

92/2019: TERTIALRAPPORTERING 2 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:



Tertialrapport 2 vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2019

Behandling:

Samrøystes vedteke

FPØ - sak 78/2019 Vedtak/Tilråding:

Tertialrapport 2 vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Det vart røysta over formannskapet si tilråding som vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 92/2019 Vedtak/Tilråding:

Tertialrapport 2 vert godkjent slik den ligg føre.

93/2019: JUSTERING VED ÅRSAVSLUTNING 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner følgjande justeringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2019:

DRIFTSBUDSJETT		Beløp
	Avsetjing	
Fond 251080001	Kompetansetilskot frå fylkesmannen K: 17300.3000.2540 D: 15500.3000.2540	170.000,- 170.000,-
	Bruk av midlar	
Fond 251080018	Tilskot til etablering Bruk av fond. D14700.7000.2830 K19500.7000.8800	110.000,- 110.000,-
Fond 256080005	Utbetaling av støtte til instrumenter belastes fond: D14700.2900.3850 K19400.2900.3850	8.710,- 8.710,-
Fond 256080007	Utbetaling av tilskot til ovner. Tas frå	



	avsatte midler til miljøarbeid. D: 14700.6000.3600 K: 19400.6000.3600	36.000,- 36.000,-
Fond 256080007	Kostnader med utleige av el-sykler på Vaksdal. Tas frå avsatte midler til Miljøarbeid D: 13700.6000.3600.D99002 K: 19400.6000.3600.D99002	60.000,- 60.000,-
Fond 256080012	Bergsdalen skule Tilskot til vøling tas frå driftsfond. Kostnad ved overdragelse av skule finansieres ved redusert overføring til investering, D 14700.6000.2220 K 19400.6000.2220 D 12001.6000.2220 K 15700.6000.2220 D 39700.6000.2220 K 36700.6000.2220	750.000,- 750.000,- 600.000,- 600.000,- 600.000,- 600.000,-
Fond 251080032	Justering bruk av fond VA-området - avløp D 10100.6200.3530 D 10900.6200.3530 D 10990.6200.3530 K 19500.6200.3530	642.000,- 147.000,- 111.000,- 900.000,-
Fond 251080035	Justering bruk av fond feiing D 13500.6510.3380 K 19500.6510.3380	200.000,- 200.000,-
Fond 251080003	Innkjøp av Chromebook D 12001.2150.2020 K 19500.2150.2020	300.000,- 300.000,-
Fond 251080003	Fond/tilskot til brukar innan oppvekst D 10101.2170.2020 D 10901.2170.2020 D 10990.2170.2020 K 19500.2170.2020	285.000,- 65.000,- 50.000,- 400.000,-
Fond 256080001	Språkassistentar flyktningearbeid D 10100.2170.2020 D 10900.2170.2020 D 10990.2170.2020 K 19400.2170.2020	360.000,- 80.000,- 60.000,- 500.000,-
Fond 256080000	Retaksering Eigedomsskatt K: 19400.1190.1200	



	D: 12700.1190.1200	339.470,73 339.470.73
Fond 256080000	Retaksering eigedomar Rammeoverføring 2018 K:19400.1190.1200 D:12700.1190.1200	 294.000,- 294.000,-
KAPITALBUDSJETT		
	Avsetjing	
VOE fondet 253080001	Mottatt avdrag FV 313 FV 344 D: 35400.9990.8800.K99000 K: 39200.9990.3250.K99000	 2.389.381,- 2.389.381,-
253080000 Ub. Inv. fond	Mottatt tilskot til modellbibliotek Dale barne og ungdomsskule D: 35400.6000.3700.K30050 K: 37300.6000.3700.K30050	 100.000,- 100.000,-
	Bruk av midlar	
Fond for avkastning av innskoten kapital 256080012	Aksjekjøp KLP, Eigenkapitalinnskot D35290.9990.1720.K99000 K39400.9990.8800.K99000	 1.180.930,- 1.180.930,-
Fond for avkastning av innskoten kapital 256080012	Avdrag formidlingslån tas frå fond. K:39400.9990.2830.K99010 D:35100.9990.2830.K99010	 250.000,- 250.000,-
Fond 253080000	Uteområde Turbinen. Restarbeid Finansieres med avsatte/ubrukte midler ved bygging av Fleirbrukshallen D32300.6000.2310.K40361 K39480.9990.8800.K99000	 9.465 9.465

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Ivar Bergo (SP) ba om at det ved seinare høve også vart gjeve innsyn i kontoplan.
Samrøystes vedtak

KOM - sak 93/2019 Vedtak/Tilråding:



Vaksdal kommunestyre godkjenner følgjande justeringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2019:

DRIFTSBUDSJETT		Beløp
	Avsetjing	
Fond 251080001	Kompetansetilskot frå fylkesmannen	
	K: 17300.3000.2540	170.000,-
	D: 15500.3000.2540	170.000,-
	Bruk av midlar	
Fond 251080018	Tilskot til etablering Bruk av fond.	
	D14700.7000.2830	110.000,-
	K19500.7000.8800	110.000,-
Fond 256080005	Utbetaling av støtte til instrumenter belastes fond:	
	D14700.2900.3850	8.710,-
	K19400.2900.3850	8.710,-
Fond 256080007	Utbetaling av tilskot til ovner. Tas frå avsatte midler til miljøarbeid.	
	D: 14700.6000.3600	36.000,-
	K: 19400.6000.3600	36.000,-
Fond 256080007	Kostnader med utleige av el-sykler på Vaksdal. Tas frå avsatte midler til Miljøarbeid	
	D: 13700.6000.3600.D99002	60.000,-
	K: 19400.6000.3600.D99002	60.000,-
Fond 256080012	Bergsdalen skule Tilskot til vøling tas frå driftsfond. Kostnad ved overdragelse av skule finansieres ved redusert overføring til investering,	
	D 14700.6000.2220	750.000,-
	K 19400.6000.2220	750.000,-
	D 12001.6000.2220	600.000,-
	K 15700.6000.2220	600.000,-
	D 39700.6000.2220	600.000,-
	K 36700.6000.2220	600.000,-
Fond 251080032	Justering bruk av fond VA-området - avløp	
	D 10100.6200.3530	642.000,-
	D 10900.6200.3530	147.000,-



	D 10990.6200.3530 K 19500.6200.3530	111.000,- 900.000,-
Fond 251080035	Justering bruk av fond feiing D 13500.6510.3380 K 19500.6510.3380	 200.000,- 200.000,-
Fond 251080003	Innkjøp av Chromebook D 12001.2150.2020 K 19500.2150.2020	 300.000,- 300.000,-
Fond 251080003	Fond/tilskot til brukar innan oppvekst D 10101.2170.2020 D 10901.2170.2020 D 10990.2170.2020 K 19500.2170.2020	 285.000,- 65.000,- 50.000,- 400.000,-
Fond 256080001	Språkassistentar flyktningearbeid D 10100.2170.2020 D 10900.2170.2020 D 10990.2170.2020 K 19400.2170.2020	 360.000,- 80.000,- 60.000,- 500.000,-
Fond 256080000	Retaksering Eigedomsskatt K: 19400.1190.1200 D: 12700.1190.1200	 339.470,73 339.470.73
Fond 256080000	Retaksering eigedomar Rammeoverføring 2018 K:19400.1190.1200 D:12700.1190.1200	 294.000,- 294.000,-
KAPITALBUDSJETT		
	Avsetjing	
VOE fondet 253080001	Mottatt avdrag FV 313 FV 344 D: 35400.9990.8800.K99000 K: 39200.9990.3250.K99000	 2.389.381,- 2.389.381,-
253080000 Ub. Inv. fond	Mottatt tilskot til modellbibliotek Dale barne og ungdomsskule D: 35400.6000.3700.K30050 K: 37300.6000.3700.K30050	 100.000,- 100.000.-
	Bruk av midlar	



Fond for avkastning av innskoten kapital 256080012	Aksjekjøp KLP, Eigenkapitalinnskot D35290.9990.1720.K99000 K39400.9990.8800.K99000	 1.180.930,- 1.180.930,-
Fond for avkastning av innskoten kapital 256080012	Avdrag formidlingslån tas frå fond. K:39400.9990.2830.K99010 D:35100.9990.2830.K99010	 250.000,- 250.000,-
Fond 253080000	Uteområde Turbinen. Restarbeid Finansieres med avsatte/ubrukte midler ved bygging av Fleirbrukshallen D32300.6000.2310.K40361 K39480.9990.8800.K99000	 9.465 9.465

94/2019: RENOVASJONGEBYR 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyret på vegne av Vaksdal kommune, jfr § 12 i Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning. Avfallsgebyret tilhører Vaksdal kommune.
2. Prisen på renovasjonstjenesten for 2020 settes opp med 1,0%, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.
Kommunalt påslag settes til kr 0,- for 2020.
Vaksdal kommune vedtar avfallsgebyr i medhald til vedlagte prismatrise.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2019

Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Heidi Rongved er ugild i medhald av fvl § 6 e) punkt 2.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 81/2019 Vedtak/Tilråding:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av



renovasjonsgebyret på vegne av Vaksdal kommune, jfr § 12 i Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning. Avfallsgebyret tilhører Vaksdal kommune.

2. Prisen på renovasjonstjenesten for 2020 settes opp med 1,0%, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.

Kommunalt påslag settes til kr 0,- for 2020.

Vaksdal kommune vedtar avfallsgebyr i medhald til vedlagte prismatrise.

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Kommunestyret vedtok samrøystes at Heidi Rongved er ugild i medhald av fvl. § 6 e) punkt 2.

Kommunestyret røysta over formannskapet si tilråing som vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 94/2019 Vedtak/Tilråding:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyret på vegne av Vaksdal kommune, jfr. § 12 i Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning. Avfallsgebyret tilhører Vaksdal kommune.

2. Prisen på renovasjonstjenesten for 2020 settes opp med 1,0%, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.

Kommunalt påslag settes til kr 0,- for 2020.

Vaksdal kommune vedtar avfallsgebyr i medhald til vedlagte prismatrise.

95/2019: BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner budsjett 2020 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.977.133. Kr 1.673.761,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 303.372,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

Kommunestyret 16.12.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak



KOM - sak 95/2019 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner budsjett 2020 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.977.133. Kr 1.673.761,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 303.372,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

96/2019: BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2020 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2020. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2020 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 3,2 promille. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2019 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunaleavgifter.
4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 144.000.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 100.110.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2020. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2020» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2020, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
